# REFERAT FRÅ CAMPUSMØTE SOGNDAL

**Dato:** 27.10.2026

**Tid:** Kl. 10.00-12.00

**Stad:** Teams

**Deltakarar:**

**Medlemmer:**
Sigurd Sandvold (FLKI - møteleiar)
Sandra Opheim (FHS),
Deta Gasser (FIN),
Frode Fretland (FLKI),
Joakim Øyen (studentrepresentant),
Roger Normann (FTMS - digitalt),
Bjarte Håvik (FHS - digitalt),
Janniche Øyen (samfunnskontakt - sekretær)

**Gjester:**
Helge Olsen (Kommunikasjon - digital),
Stine Bach Stangeland (kommunikasjon),
Marita Skjelvan (Arealforvaltning),
Sigrid (Arealforvaltning),
Nils-Jørgen Vee (Arealforvaltning)

**SAKLISTE**

| Sak | Tittel | Ansvarleg | Tidsbruk |
|---|---|---|---|
| 12/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | Møteleiar | 5 minutt |
| 13/26 | Orientering om arealsaker | Nils Jørgen Vee | 20 minutt |
| 14/26 | Profilering av campuser | Helge Olsen | 60 minutt |
| 15/26 | Studieplassar og rekruttering ved campus Sogndal | Sigurd Sandvold | 25 minutt |
| 16/26 | Eventuelt | Sigurd Sandvold | 10 minutt |

## 12/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Framlegg til vedtak:**
Innkalling og sakliste vert godkjent.

## 13/26 ORIENTERING OM AREALSAKER I SOGNDAL

Orientering ved Nils Jørgen Vee, Arealforvaltning

Nils Jørgen orienterte om ferdigstilte, pågåande og komande arealsaker på campus. Presentasjonen er vedlagt referatet.

**Følgjande tiltak og prosjekt vart omtala:**

- Kantina er bygd om og har fått svært gode tilbakemeldingar. Arealet vert i stor grad nytta av studentane, også til lesing og studiearbeid, både i vekedagar og i helgar.
- Det vart orientert om oppgraderingar i GeoLab. Tiltaka er godt mottekne blant brukarane. Det vart samtidig peika på at det manglar stasjonær PC i lokalet.
- Flytting av Læringslab frå Stadionbygget er vedteken. Læringslaben har fått tildelt areal i tilknyting til biblioteket, men ferdigstilling er forseinka som følgje av prosessar hos Statsbygg. Ny læringslab er venta ferdigstilt sommaren 2027.
- Biblioteket skal oppgraderast. Arbeidet har vore utvikla i dialog med mellom anna studenttillitsvalde og vernetenesta.
- Det vart orientert om arbeid med kjeldesortering og felles profil for avfallshandtering på campusane. Det vart understreka at HVL skal arbeide vidare med å styrkje innsatsen innan miljøsertifisering gjennom Miljøfyrtårn.

- Det blir ila. desember etablert ei sjølvbetent løysing for sal av kaffi, mat, kalde drikkevarer og snacks i andre etasje i Fossbygget. Dette har vore etterspurt av studentar i lang tid. Dette er ei såkalla «TRUST» kiosk, som ikkje er ein automat, men eit skap med varer som er basert på tillit ved betaling/sjølvplukk.
- Den sjølvbetente TRUST-kiosken i kantina vart mellombels stengd på grunn av svinn, men skal no opnast att. Mistanken er at misbruk frå eksterne personar i løpet av ei helg var årsaka til svinnet. Løysinga er utvikla i samarbeid med Studentsamskipnaden på Vestlandet (Saman).
- Rekkverket ved Global Lounge er heva, og tilsvarande skal utførast i 2.,3 og 5. etg i Høgskulebygget. Samtidig vert det lagt til rette for fleire studentarbeidsplassar her. Det vart vist til at studentar i aukande grad ønskjer å arbeide i opne læringssoner framfor tradisjonelle lesesalar.
- Det vert kjøpt inn nye utemøblar til campusplassen, og hev- og senk-pultar for studentar med særskilde behov.

**Innspel frå campusmøtet**

- Frode peika på at utstyret til Læringslab no står lagra i påvente av nytt areal, og uttrykte bekymring for at studentane må klare seg utan eit slikt tilbod over lengre tid.
- Administrasjonen viste til at dette skuldast at leigeavtalen for Stadionbygget gjekk ut og ikkje vart forlenga.
- Joakim peika på at dei sjølvbetente løysingane for mat og drikke er populære blant studentane.
- Sigurd understreka at studentane ønskjer at ordninga med sjølvbetening vert vidareført.

**Framlegg til vedtak:**

Campusmøtet tek orienteringa om arealsaker i Sogndal til vitande, og ynskjer dei tilbake med oppdateringar årleg på campusmøtet. Presentasjonen vert lagd ved referatet

**14/26 NY PROFIL OG IDENTITET FOR UNIVEST**

Orientering ved Helge Olsen og Stine Stangeland Bach

- Det vart orientert om arbeidet med ny profil og identitet for Univest i samband med overgangen til universitetsstatus. Presentasjonane er vedlagde referatet.
- I orienteringa vart det vist til at synleggjering av dei ulike studiestadene har vore eit tilbakevendande tema etter fusjonen, og at dette framleis er ein viktig del av arbeidet med den nye merkevara. Samtidig vart det understreka at universitetet har behov for ein tydeleg og samla identitet.
- Det vart vidare gjort greie for skilnaden mellom visuell profil, kjennskap, omdømme og merkevare, og korleis desse faktorane påverkar rekruttering og synlegheit. Det vart vist til at HVL har eit godt omdømme, men at kjennskapen til institusjonen varierer

geografisk og er sterkast på Vestlandet. Det er planlagt nye undersøkingar for å måle kjennskap og omdømme både før og etter innføringa av den nye merkevara.

- Det vart orientert om at fleire i aukande grad nyttar søkjetenester og KI-baserte verktøy når dei orienterer seg om studietilbod. Kommunikasjon arbeider derfor med tiltak for å styrkje synlegheita i slike kanalar.
- Universitetet arbeider med å styrkje nasjonal synlegheit og vil utnytte handlingsrom ved universitetsovergang. Nytt navn gjev mogelegheit for nytt førsteinntrykk. Vi har mangla ein logo som inkluderer campusnavn. Stadsnamn skal synleggjerast tydelegare i den nye profilen, og arbeidet med ny visuell identitet skal leggje betre til rette for dette enn dagens løysing.

**Drøfting i campusmøtet**

Campusmøtet hadde ei brei drøfting av korleis den nye merkevara kan bidra til å styrkje både den overordna universitetsidentiteten og synlegheita til Sogndal, og dei andre campusa

- Det vart vist til at fleire studentar vel studiestad sjølv om dei i utgangspunktet har avgrensa kjennskap til institusjonen, bl.a. på Barnevernsutdanninga; noko som peikar på at val av studiestad blir påverka av fleire faktorar enn merkevarekjennskap åleine.
- Det vart peika på ei ny undersøking som viser at sosial og geografisk bakgrunn påverker kjennskapen til HVL og studietilbod, og korleis dette bør takast omsyn til i arbeidet med rekruttering og profilering av Univest.
- Campusmøtet drøfta i kva samanhengar det er mest formålstenleg å synleggjere studiestadane saman med den overordna merkevara, og korleis dette kan variere mellom ulike målgrupper og arenaer.
- Det vart reist spørsmål om når ein bør nytte namnet «Univest», når ein bør nytte det fullstendige universitetsnamnet, og korleis samanhengen mellom desse skal kommuniserast. Det er ei styrke å kunne bruka Univest fordi det er meir beskrivende enn ei forkorting som HVL
- Det vart understreka at lokal identitet og stoltheit er viktige verdiar å byggje vidare på, også innanfor ei felles merkevare.
- Det vart diskutert korleis ein kan ivareta lokale særpreg og faglege styrkar i profileringa av utdanningar som vert tilbydde ved fleire studiestader.
- Fleire understreka at ulike studiestader har ulike rekrutteringsområde og difor kan ha ulike behov for synleggjering.
- Studentrepresentanten peika på at Sogndal rekrutterer i størst grad utanfor eigen region samanlikna med andre campus, særleg austlandet, og profileringsarbeidet bør ta omsyn til dette
- Det vart peika på at Sogndal har eit etablert og positivt omdømme utover det å vere studiestad, og at dette bør takast aktivt i bruk i rekrutterings- og profileringsarbeidet. Dette kan vere særleg relevant i marknadsføring retta mot studentar utanfor regionen.
- Fleire deltakarar understreka at campusane er ein viktig del av merkevara, særleg i kommunikasjon om fagmiljø, forsking og studietilbod.
- Samtidig vart det peika på at det kan vere krevjande å profilere utdanningstilbod som finst på fleire studiestader, og at det derfor er viktig å synleggjere faglege særtrekk der desse finst.

- Fleire peika på at fagmiljø med særlege styrkar knytte til bestemte studiestader bør synleggjerast tydeleg, samstundes som utdanningstilbod som finst på fleire studiestader må presenterast på ein måte som ikkje skaper intern konkurranse.
- Det vart stilt spørsmål om korleis eksisterande innhald knytt til studiestadene skal vidareførast og synleggjerast i den nye profilen.
- Fleire peika på at organisasjonen har vore gjennom fleire merkevarebyte på relativt kort tid. Det vart uttrykt bekymring for at budsjettet til merkevarebygging og marknadsføring ikkje står i forhold til ambisjonane for merkevarebytet. Særleg vart det peika på risikoen for at mindre campusar kan få redusert synlegheit dersom det ikkje blir sett av tilstrekkelege ressursar til profilering og marknadsføring.
- Det er viktig å avklare balansen mellom den overordna Univest-identiteten og synleggjering av dei enkelte campusane. For enkelte samanhengar kan det vere viktig å framheve både institusjonen og studiestedet, til dømes «Univest Sogndal».
- Tilsette spelar ei viktig rolle i merkevarebygginga. Det vart understreka at alle må vere bevisste på korleis dei representerer organisasjonen gjennom dagleg kommunikasjon, presentasjonar, e-postsignaturar og møte med omverda.

**Det vart også peika på at:**

- lokal stoltheit og tilhøyrsle bør vere ein ressurs i merkevarearbeidet
- studiestadene har behov for tydeleg og tilgjengeleg profilmateriell til bruk i lokalt profileringsarbeid
- det er ønskje om profileringsprodukt som gjer det enklare for både studentar og tilsette å synleggjere tilknytinga til universitetet

Det vart vidare diskutert korleis framtidige profileringsløysingar kan gi rom for å synleggjere både den felles universitetsidentiteten og dei faglege og geografiske særtrekka ved dei ulike studiestadene.

Helge orienterte om at innspela frå campusmøta vil bli samla og tekne med i det vidare arbeidet, og at saka vil kome tilbake til campusmøta på eit seinare tidspunkt.

### Framlegg til vedtak:

Campusmøtet tek orienteringa om ny profil og identitet for Univest til vitande. Presentasjonane vert lagde ved referatet. Saka kjem tilbake til campusmøtet på eit seinare tidspunkt.

**15/26 STUDIEPLASSAR OG REKRUTTERING VED CAMPUS SOGNDAL 15.40-16.00**

Saka var innleidd med ei oppsummering av prosessen knytt til omfordeling av studieplassar frå FLKI til FHS. Det vart vist til at det er føreslått avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av eventuelle endringar, særleg for mindre campusar. Det vart understreka at flytting og omfordeling av studieplassar både kan gi konsekvensar og moglegheiter for campus Sogndal. Campusmøtet vart invitert til å kome med innspel til den vidare prosessen, inkludert korleis campus Sogndal kan bidra til å fylle ledige studieplassar og styrkje rekrutteringa.

**Drøfting**

- Sandra Opheim peika på at det er viktig å sjå framover og ha fokus på utvikling av campus Sogndal for å auka rekrutteringa. Ho understreka at campusmøtet er oppteke av å arbeide aktivt for å fylle ledige studieplassar, og stilte spørsmål ved om campus Sogndal kan få del i nye studieplassar som vert fordelte framover.
- Deta Gasser etterlyste svar på kva campusar studieplassane eventuelt skal flyttast frå, eller om dette vil bli avgjort gjennom seinare vedtak.
- Sigurd Sandvold understreka at studieplassar i praksis representerer finansiering, og at FLKI no arbeider med korleis ressursane skal nyttast framover.
- Bjarte Håvik orienterte frå FHS sitt perspektiv og viste til at fakultetet samla har fått om lag 450 nye studieplassar, inkludert studieplassar tildelte gjennom KS-ordninga. Han viste vidare til at det parallelt går prosessar i fakultetet for å styrkje toppkompetansen i fakultetet. Korleis studieplassar konkret fordelast, følgjer ordinære prosessar i fakultetet..
- Sandra løfta særskilt situasjonen for FHS i Sogndal. Ho peika på at campusen i dag i hovudsak har utdanningstilbod på bachelornivå i Institutt for velferd og deltaking, og uttrykte eit tydeleg håp om at nokre av dei nye studieplassane vert lagde til Sogndal. Ho understreka vidare at ambisjonane om å byggje toppkompetanse på campus heng tett saman med studieporteføljen. Etter hennar vurdering er det særleg behov for å etablere masterutdanning i sosialvitskap også i Sogndal, for å styrkje fagmiljøet, rekruttere studentar og sikre fagleg utvikling over tid.
- Studentrepresentantane støtta dette synet og framheva kor viktig det er å kunne tilby samanhengande utdanningsløp på campus. Det vart peika på at studentar i større grad vel å bli verande i Sogndal dersom dei veit at dei kan gå vidare frå bachelor til master ved same studiestad. Manglande mastertilbod fører derimot til at studentar må orientere seg mot andre campusar eller institusjonar. Studentrepresentanten tok også til orde for at enkelte studium på FLKI kan lokaliserast særskilt til Sogndal for å styrkje profilen og attraktiviteten til campusen, til dømes campusbasert utdanning for GLU 1-10
- Joakim Øyen gav uttrykk for støtte til synspunkta frå Sandra og studentrepresentantane. Han understreka betydninga av å vidareutvikle studieporteføljen i Sogndal og peika på at attraktive og komplette utdanningsløp er avgjerande for å styrkje rekrutteringa og campusutviklinga.
- Det vart også uttrykt brei støtte til ønsket om å etablere mastertilbod for FHS i Sogndal for å styrkje campusen sitt faglege grunnlag, rekruttering og attraktivitet.

**Framlegg til råd:**

Saka vart drøfta. Campusmøtet uttrykte eit tydeleg ønske om å oppretthalde og styrkje studieaktiviteten ved campus Sogndal. Møtet peika særleg på behovet for fleire studieplassar og utvikling av mastertilbod ved campusen. Det vart understreka at studentperspektivet må vektleggjast i det vidare arbeidet, og at eventuelle nye studieplassar innan FHS i størst mogleg grad bør nyttast til å styrkje fagmiljø og utdanningstilbod i Sogndal.

## 11/26 EVENTUELT

### Namn på campusmøtet

Det vart reist spørsmål om namnet på møtet, då det tidlegare heitte *Campusråd* og framleis ofte blir omtalt slik i daglegtale. Det vart peika på at namneendringa til *Campusmøte* ikkje har fått gjennomslag, og at ei tilbakevending til *Campusråd* kan tydeleggjere den rådgjevande rolla til organet. **Frode** støtta eit namneskifte tilbake til *Campusråd*, medan **Joakim** og **Sandra** gav uttrykk for at dei ikkje hadde sterke meiningar om saka.

**Framlegg til råd:**
Møtet er positive til å endre namn til Campusråd.

### Karrierefestivalen 2026

Samfunnskontakten orienterte

Det vart gitt ei oppsummering av Karrierefestivalen, som vart gjennomført på ein svært profesjonell måte og skapte mykje liv og aktivitet på campus. Om lag 500 studentar deltok, saman med rundt 100 tilsette og 100 eksterne representantar frå arbeids- og næringsliv. Dei om lag 40 standane var gjennomgåande godt besøkte, og utdelinga av rundt 2 000 lodd viste seg å vere eit svært vellukka tiltak for å få studentane til å oppsøkje standane og delta på den avsluttande loddtrekkinga på Meieriet.

Fleire aktivitetar var særleg populære, mellom anna bidraga frå Idrett og friluftsliv, Velferd og deltaking og aktivitetane arrangert av lærarstudentane. Foredraga fekk gjennomgåande svært gode tilbakemeldingar, og særleg innlegga til Linda Eide og Fredrik Fornes trekte mange deltakarar og fekk mykje ros.

Samtidig vart det peika på nokre læringspunkt. Programmet var for omfattande med mange parallelle aktivitetar og foredrag, noko som førte til at enkelte arrangement fekk få deltakarar. Det vart også peika på at festivalen ikkje var godt nok forankra blant alle fagtilsette. Mange studentar hadde undervisning eller arbeidskrav samstundes med festivalen, og erfaringa viser at arrangement med god informasjon og oppfølging frå fagmiljøa fekk klart best oppslutning. Det vart òg foreslått å korte ned tida verksemdene står på stand, slik at fleire representantar frå arbeidslivet får høve til å delta på foredrag og andre delar av programmet.

Samla sett vart Karrierefestivalen vurdert som svært vellukka, og det er eit håp at arrangementet vil vere endå betre kjent i organisasjonen neste år og få endå større oppslutning.

**Framlegg til vedtak:**

Orienteringa vart tatt til vitande.